



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1384 - 19/14701

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 196/68

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle
Byggjestad: Gbnr: 196/68 Kleivdalsvegen
Tiltakshavar: Ingrid Bachmann og Kristian Nilsen
Ansvarleg søker: Seim Bygg AS

Delegasjonssak nr.: 284/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg for 1 bustadeining, datert 03.05.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for etablering av einebustad på gbnr 196/68. Eksisterande avkjørsle er i dag tilkomstveg til einebustad på gbnr 196/16 Kleivdalsvegen 82. Avkjørsla er etablert i eit område der fartsgrense i kommunal veg er skilta 30km/t.

Vurdering/drøfting:

Avkjørsle som det søkjast utvida bruk av er etablert i eit område der fartsgrense i kommunal veg er satt til 30 km/t. I dag er det etablert to avkjørsler ca 20 meter frå kvarandre. Det gjer at det ikkje vil være mogleg å etablere ei ny avkjørsle til einebustad på gbnr 196/68. For å få ei trygg og god avkjørsle til ny einebustad på gbnr 196/68 er utvida bruk av eksisterande avkjørsle til gbnr 196/16 Kleivdalsvegen 82 ei god løysing. Avkjørsle må utbetrast slik at den stettar tekniske krav fastsatt av vegdirektoratet i forskrifter og vognormalar. Det må opparbeidast svingradius i avkjørsle. Det må leggast ned dreneringsrør under avkjørsla.



Samandrag/konklusjon:


Teknisk drift har vurdert søknad finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår:

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Løyve tek ikkje stilling til privatsrettslege forhold vedkommande privat veg. Privatrettslege forhold skal være avklart for at løyve skal gjelde.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingrid Marie Bachmann

Kleivdalsvegen 12 5915
A

HJELMÅS

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM